



Vestland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 Bergen

Referanser:

Dykkar:

Vår: 21/10319 - 22/19708

Saksbehandlar:

Hans Kristian Dolmen

[hans.kristian.dolmen@alver.kommune.no](mailto:hans.kristian.dolmen@alver.kommune.no)

Dato:

14.03.2022

## Lokalitet Skjelanger - Høyring og uttale - Alver kommune

Alver kommune mottok 9.12.2021 søknad om etablering av anlegg for oppdrett av laks og aure ved Skjelanger i Alver kommune. Søkjar er Blom Fiskeoppdrett AS og samla søknad vart sendt over frå Vestland fylkeskommune, avdeling for Innovasjon og næringsutvikling. Søknaden gjeld etablering av ny lokalitet med biomasse (MTB) på inntil 3900 tonn.

Alver kommune kunngjorde søknaden (20.12.2021) og la den ut til offentlig ettersyn i avis, norsk lysingsblad og på kommunen sine heimesider. Frist for å gje innspel til søknaden vart sett til 31.1.2022. I løpet av perioden for høyring mottok kommunen 21 innspel og merknadar. Alle innspel og merknadar stiller seg negativ til etablering av oppdrettsanlegg på lokaliteten. Søkjar har hatt moglegheit å gje sin kommentar til dei innkomne innspel og merknadar, men har ikkje gjeve dette.

### Planstatus

Plansituasjonen i Alver kommune er for tida slik at kommuneplanens arealdel er satt saman av arealplanane frå dei tre tidlegare kommunane Lindås, Meland og Radøy. Dei tre delplanane er ikkje heilt like og delplan for Meland, der omsøkte område ligg, har vore under revisjon og vart etter motsegn frå Statsforvaltar sendt departementet (KMD) for endeleg avgjersle. Denne avgjersla kom hausten 2021. Arbeid med samla arealplan for Alver er starta.

I den nyleg godkjente arealplanen (kommunedelplan (KDP) Meland) er eit område for fleirbruk/kombinert bruk (fiske, friluftsliv, ferdsle og akvakultur) lagt ut i Mangerfjorden på nordsida av Holsnøy. Det er i dette området søknaden frå Blom Fiskeoppdrett er fremma. Som utgangspunkt er søknaden i tråd med gjeldande plan da plassering av omsøkte anlegg er innan for areal avsett til mellom anna akvakultur.

### Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug

[post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no)

Kontonummer: 3207 29 30559

Innbyggjarservice: +47 56 37 50

[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)

Organisasjonsnummer: 920 290 922

00

## Innspel og merknadar

Alver kommune har motteke 21 innspel og merknadar etter kunngjering og offentleg ettersyn frå grunneigarar, lag og organisasjonar, næringsdrivande og offentleg mynde. Det er for omfattande å gå i detalj på alle innspela, men i det følgjande er ei kortfatta oppsummering. Alle innkomne dokument er elles vedlagt. Innspel, merknadar eller klage kan i hovudsak delast i fem grupper:

- Innspel som i utgangspunktet ville vore ein naturleg del av prosess og vurdering knytt til utarbeiding av **kommuneplanens arealdel**
  - o Utsatt område for naturkrefter (risiko og sårbarhet)
  - o Eigar- og brukarretter mellom anna knytt til laksefiske
    - Lakseplassar for fastståande reiskap bør registrerast
  - o Naturmangfaldet vert skadelidande
    - Belastninga på andre arter som lever i området
    - Mange arter fugl og oter er nemnd)
    - Villaksen vert skadelidande og området er hovudlei for utvandrande smolt
  - o Det må tas omsyn til krav om avstand mellom lokalitetar
  - o Nærområdet er attraktivt friluftsområde
    - kajakk, fising, turgåing, bading, fridykking og stillheit
    - fritidsfiske, turområde, naturoppleving
  - o Støytilhøve, lys- og lydforureining har påverka både på land og sjø
  - o Området er raudt i høve til trafikklyssystemet og aktiviteten må reduserast ikkje aukast
  - o Temakart til kommuneplanen, regionale friluftsområde
- Innspel som er retta mot opplevinga av eksisterande anlegg på lokaliteten og som gjeld konkrete tilhøve nabo opplever knytt til **drifta av anlegget**
  - o Lakselusproblemet vert forsterka
  - o Forureining på overflata og på bunnen
  - o Må anta har uheldig påverknad på skaldyr og skjell
  - o Forureining som fiskeavføring, medikamenter, kjemikalier, kopar, mikroplast
  - o Støytilhøve generelt (slaktetidspunkt, avlusing..)
  - o Lys- og lydforureining (særleg natt)
  - o Trivsel og rekreasjon, stillhet, naturoppleving, helsebot
  - o Problem med algeoppblomstring i badesesongen
  - o Risiko for rømming og helseisiko for villfisk
  - o Belastningen for fastbuande og fritidsbebuarar vert for stor
- Innspel om **vilkår for drifta** av anlegget (Fiskeridirektoratet)
  - o Drifta ved lokalitetane Bøøy 11754 og Allersholmen 11756 må avviklast ved etablering av nytt anlegg ved Skjelanger
  - o Ved avlusing må det takast omsyn til at det eit rekefelt like ved anlegget. Legemiddel som inneheld kitinhemmarar er forbode nærmare enn 1000 meter frå rekefelt, jf. akvakulturdriftsforskrifta § 15a)
  - o Fortøyingar må ikkje kome i konflikt med rekefeltet i nærleiken av anlegget.
- Innspel om **supplering av søknad og vilkår** knytt til arealplan (Statsforvaltaren)
  - o Det vert lagt til grunn at det skal vurderast kva plassering, driftsmetodar og teknikk som skal tillastast for å unngå skadar på naturmangfaldet
  - o Vurdering etter vassforskrifta § 12 skal gjerast så langt kunnskapen strekk til
  - o Ein meiner vidare at Alver kommune må gjer om arealbruken for område frå kombinert føremål til einebruk
  - o Endeleg at det må gjennomførast nykartlegging da kunnskapen om marint naturmangfald er mangelfull

- Innspel som er **retta mot Alver kommune eller anna mynde**
  - o I vedtak frå KMD knytt til arealplanen for Meland legg ein til grunn at meir detaljert miljøvurdering og interesseavklaring vert gjort i seinare handsaming
    - Tilrådinga frå klima- og miljødepartementet knytt i saka var å ta Statsforvaltaren si motsegn til følgje då miljømessige konsekvensar var tydelege
    - KMD har ikkje gjort ei vurdering knytt til vassforskrifta §12 og ein meiner dette er feil
    - KMD har ikkje gjort vurdering knytt til naturmangfaldlova §§8-12 og ein meiner dette er feil
    - Ein meiner KU er mangelfull og ein ikkje kan skilje KU i to nivå, overordna plan og ved søknad om konsesjon/fillating av tiltak
  - o Avvente situasjonen til interkommunal plan for sjøareal vert klar
  - o Ein meiner Alver kommune etter eiga skjøn kan krevje reguleringsplan
  - o Søknaden har ikkje godt nok kunnskapsgrunnlag og vurderingane er mangelfulle
  - o Bidreg dette til levande bygder og tilflytting, vert Alver ein plass «det skal vere attraktivt å leve, bu, arbeide og skape verdier i»
  - o Alver er ein del av Nordhordland biosfæreområde og skal vere modellområde for berekraftig utvikling
  - o Interessene i området skal vere likestilte
  - o Marknadsverdi på bustad og fritidsbustad vert redusert
  - o Det visast til naturmangfaldslova § 1, artsdatabank og føre-var prinsippet i lova sin §8
  - o Trafikklyssystemet stadfestar at miljøet ikkje toler meir belastning
    - Produksjonsområde 4 (som gjeld her) kjem dårleg ut i alle høve
  - o For høyt utslipp av lusegifter og miljøgifter som kopar, nitrogen og fosfor
  - o Sivilombodsmannen er varsla om saka og skal sjå nærare på saka
  - o Det foreligger gode og vesentlege argument for å avslå søknaden
  - o Det må uansett gjerast omfattande og detaljert konsekvensutgreiing
  - o Kommunen må ta miljøansvar på alvor og være foregangskommune

## Vurdering

Som utgangspunkt skal at kommunen skal ta stilling til arealbruk og moglege konsekvensar av planlagt og omsøkte arealbruk. Normalt vil overordna plan ha i seg konsekvensutgreiing basert på kjent kunnskap knytt til særleg naturmangfald.

Det er frå mange hald peika på at denne type kunnskap til dels er mangelfull når det gjeld tilhøva i sjø. På generelt grunnlag vil kommunen i tillegg stille krav til nærare undersøking, kartlegging og dokumentasjon der ein har heimel til dette basert på mellom anna omfang, funksjon og antatt verknad av omsøkte tiltak.


Rolla til Alver kommune er slikt sett å sjå til at tiltak er i samsvar med vedteken arealbruk. Gjeldande plan har ikkje i seg rammer som kan gje føring for val av tekniske løysingar eller miljøtilhøve. Det er ikkje vanleg, og heller ikkje i gjeldande plan, å gje føringar til forankring sjølv om areal som vert berørt er vesentleg større enn det som er synleg på overflata.

Vidare har det i lang tid vore utgangspunkt og praksis at kommunane ikkje skal leggje seg opp i til dømes driftstilhøve, utforming av anlegg og utslepp. Alt lovverk, rettleiing, rundskriv og formidling frå overordna mynde har «unnatt» næringa frå krav som til dømes detaljplan og søknad om tiltak i kommunane. Vedtaksmynde er lagt til overordna organ som til dømes Mattilsynet, Statsforvaltaren og Fylkeskommunen.

## Planstatus

Det aktuelle området er lagt ut til kombinert føremål i KDP Meland og ligg Mangerfjorden like nord av Holsnøy.

## Utsnitt KDP Meland – Plankart og arealbruksføremål




## KDP Meland Føresegn

Kapittel 3.3.6 i føresegna gjeld kombinerte føremål i sjø og vassdrag og ordlyden i føresegna er:

*«Inngrep eller tiltak skal vurderast som enkeltsaker, dei kombinerte føremåla gjeld likestilt der anna ikkje er nemnd*

- *FEFIKFR-1 –tiltak eller inngrep kan ikkje tillatast på stader som kjem i konflikt med fiske, ferdsl, friluftsliv eller akvakulturinteressene*

## Utsnitt KDP Meland – Kombinert føremål og omsøkte areal



Området i sjø med nemninga FEFIKFR\_1 ligg som nemnd i Mangerfjorden og er om lag 1,7km i utstrekning aust-vest. I utsnittet er omsøkte areal for oppdrettsanlegg vist med forbodssone ferdsl 20m og fiske 100m. Omsøkte område her gjeld overflata medan berørt område knytt til eventuell forøying er vesentleg større.

Alver kommune oppfattar og konklusjonen i vedtaket frå KMD slik at der kan vere eit skilje i vurdering av konsekvens (KU) mellom overordna plan og underordna plan eller ved naudsynt avklaring knytt til etablering av anlegg. Vidare kan ein ha ulike meiningar om bruken kombinert føremålet der delføremåla skal vere likestilte. Når akvakultur er eit av dei vil etablering kunne ha ein ekskluderande effekt, men det er framleis eit tillat verktøy i kassen.

### **Interkommunalplan for sjøareal i Nordhordland**

Fleire innspel tek opp innhald og omfang av arbeidet med interkommunalplan for sjøareal i Nordhordland. Det er tilsynelatande ei form for forventning om at dette planarbeidet skal avklare alle lokalitetar for oppdrett eller i seg sjølv berge villaksen.

Slik Alver kommune oppfattar planarbeidet legg ein til grunn at eit samla plan som ser over kommunegrensene vil vere nyttig. Planen gjeld alt sjøareal i planområdet og det er fleire ulike arealbruksføremål. Planarbeidet tar i denne omgang stilling til framlegg til nye areal for ulike føremål og endringar av eksisterande. Dette gjeld like mykje areal sett av til friluftsliv som oppdrett.

### **Konklusjon**

Med det grunnlaget som ligg føre no kan ikkje Alver kommune tilrå etablering av anlegg på den omsøkte lokaliteten. Det er begrunna i at det må gjerast meir utfyllande vurdering av konsekvens som skildra i vedtak frå KMD. Vidare kan vi ikkje sjå at føresegna i kommunedelplanen som er knytt til området er vurdert godt nok i søknaden.

Med helsing

Alver kommune Plan og analyse

Kristin Nåmdal  
avdelingsleiar

Hans Kristian Dolmen  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

Grunneigar 1 Merknad Skjelanger 270122  
Grunneigar 2 Merknad Skjelanger 300122  
Grunneigar 3 Merknad Skjelanger 300122  
Grunneigar 4 Merknad Skjelanger 020222  
Grunneigar 5 Klage Skjelanger 040222  
Grunneigar 6 Innspel Skjelanger 060222  
Grunneigar 7 Innsigelse Skjelanger 060222  
Grunneigar 8 Innspel Skjelanger 110222  
1 Klage Holsnøy Kystlag Skjelanger 060222  
1A Holsnøy kystlag Vedlegg 1 Kart 060222  
1B Holsnøy Kystlag Vedlegg 2 Mons Andersen Kårbø 060222  
1C Holsnøy Kystlag Vedlegg 3 Kart 060222  
1D Holsnøy Kystlag Vedlegg 4 060222  
2 Klage Protestgruppen Skjelanger 070222  
2A Innspel Protestgruppen Opprop Vedlegg 1 Skjelanger 070222

**Vedlegg:**

3 Høringsinnsigelse Norgens Miljøvernforbund Skjelanger og Gjerdneset 270122

4 Innspel Fiskarlaget Vest 070122

5 Innspel Kårbøneset Hyttegrende Skjelanger 060222

6 Innspel Naturvernforbundet til søknad om akvakultur Skjelanger

6A Klage Sivilombudet - Alver (L) (618184)

7 Motsegn Fagrådet Daleelva Skjelanger 070222

8 Merknad frå Hordaland Grunneigar- og Sjølaksefiskarlag

9 Protest Bratshaug hyttefelt Skjelanger 060222

Klage Kårbø Opplevelser Gjerdneset og Skjelanger 300122

Merknad Lingalaks Skjelanger 310122

Uttale Skjelanger Fiskeridirektoratet 120122

Uttale Skjelanger Statsforvalteren 070322

**Mottakarar:**

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

Bergen